

Bunaden



Bunaden er ei norsk folkedrakt som vart vanleg på starten av 1900-talet.

Bunaden blir ofte brukt på 17. mai. Han blir også brukt ved høgtider som dåp, konfirmasjon og bryllaup.

Bunadar er dyre og går ofte i arv i familien. Mange får bunad til konfirmasjonen. Nokre arvar, medan andre får ein ny.

Det finst om lag 450 ulike bunadar.

Bunadar varierer frå stad til stad. Difor kan ein bunad vise kvar ein kjem frå.

Spørsmål til teksten:

1. Kva er ein bunad?

2. Når vart det vanleg å bruke bunad?

3. Når kler ein seg i bunad?

4. Kor mange ulike bunadar finst?

Bilettekreditering:

Wolfmann. *Bunader i utstillingsvindu i Tønsberg (2022)*.

Henta frå Wikimedia Commons:

<https://commons.wikimedia.org/wiki/>

[File:BUNAD Telemarksbunad dame Kvinnebunad Øst-Telemark beltestakk Liv Skjorte Knapper Sølje Belte broderier Norwegian traditional folk costume. Utstillingsvindu Window display Tønsberg Norway 2022 IMG 3 984.jpg](#)

Lisens: Creative Commons Attribution-Share Alike 4.0 (CC BY-SA 4.0)